



Arbeidet på Bu-prosjektet har no kome igong. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eitt av dei etter kvart fleire bustadprosjekt som er planlagde i Uskedalen er no igong. Gravemaskinane har starta opparbeidinga av tomtene i Byggpartner Kvinnherad sitt prosjekt på Ytre Eik.

Frode Bu opplyser til uskedalen.no at han no har fått grønt lys frå samtlige aktuelle instansar og at dei tre første bustadane etter planen skal vera fullførte innan våren.

Det er underteikna kontraktar for desse tre og det er eit interessant poeng at alle byggherrane er innflyttarar til Uskedalen. Ein er Bu sin eigen son som kjem attende til heimbygda og dei to andre kjem frå Bergen og Odde.

På den 13 mål store eigedomen ned mot fjorden skal det plasserast åtte hus og to sjøhytter - dei siste naturleg nok i strandkanten. I prosjektet inngår det også ein marina med 11 båtplassar og det skal organiserast eit båtlag.

Marknadsføringa av dei tomtene som ikkje er selde skal no igong.

Av Ola Matti Mathisen